

Strategiplan 2018-2021

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

(vedteken av styret 12.12.2017)

1. PROSESS OG RAMMEVERK

1.1. Innleiing

Strategiplanen er det viktigaste styringsdokumentet for stiftinga. Det er avgjerande at dette dokumentet både blir nytta og etterlevd i organisasjonen. Sjølv om det i tillegg til prosessen i styret og i leiargruppa har vore ei eiga personalsamling i hausten 2017 med strategiplanen som tema er det behov for ei djupare og breiare forankring i organisasjonen. Omlegginga og tankesettet er såpass omfattande i høve til tidlegare strategiplan at det er naudsynt at heile museumsorganisasjonen har ei god forståing av og eigarskap til strategimåla våre. Såleis ser styret på 2018 som eit overgangsår i høve til implementeringa av strategiplanen. Styret har i styremøtet 12. desember 2017 derfor bede administrasjonen om å utarbeide rapportar som greier ut konsekvensane av dei åtte strategiske delmåla i den nye strategiplanen. Rapportane frå dette arbeidet blir handsama i siste styremøte før sommaren 2018, og vil danne grunnlaget for revisjon av strategiplanen hausten 2018. Revisjonen av planen skal vere ferdig før vi startar med budsjettarbeidet for 2019.

Ei slik konsekvensutgreiing må innehalde ei «gap»-analyse der ein syner/identifiserer dagens situasjon i Musea i Sogn og Fjordane og presenterer «beste praksis» - både økonomisk og organisatorisk. «Beste praksis» kan til dømes innebere ei samanlikning med andre konsoliderte museum på korleis ein jobbar med det aktuelle delmålet. På bakgrunn av denne analysen skal det identifiserast og tilrådest tiltak med tilhøyrande tidsplanar. Styret tek høgde for at denne prosessen kan medføre endringar i nokre av dei delmåla som er vedteke, men legg til grunn at dersom mål skal endrast vil det ligge føre framlegg til nye mål. Arbeidet bør organiserast i arbeidsgrupper på 3-5 personar og bør vere samansett på tvers av avdelingar og fag.

Musea i Sogn og Fjordane er truleg mellom dei musea i landet som blir sterkast ramma av region- og kommunereformene i 2020. Denne kvalitetssikringa av konsekvensane av dei nye strategiske måla og revisjonen av strategiplanen hausten 2018 vil dermed også vere viktig i førebuingane på desse reformene.

1.2. Prosessen med strategiarbeidet

Arbeidet med denne strategiplanen vore gjennomført hausten 2017. Prosessen starta med at styret 29. august 2017 (Sak 30/2017) gav administrerende direktør i oppdrag å lage eit opplegg for ein strategiplanprosess med mål om endeleg vedtak i styremøtet 12. desember.

Styret gjennomførte eit strategiseminar saman med leiargruppa 24. oktober og drøfta saka i styremøte 25.oktober (Sak (37/2017), samt gjennomført eit ekstraordinært styremøte 22.november med strategi som hovudtema (Sak 42/2017).

Strategiprosessen har også vore behandla i leiargruppemøta 24.oktober og 14.november.

Den 14.november vart det gjennomført personalsamling med alle tilsette med gruppearbeid. I dette gruppearbeidet kom det innspel på følgande tema:

- Verdiar
- Tiltak knytt til perspektiva finans, besøkande og omgjevnader, interne prosessar og læring
- Nye fellestiltak

Leiargruppa bidrog i dette gruppearbeidet som sekretærar.

I perioden 23.november til utsendinga av endeleg framlegg til strategiplan 5.desember har administrerande direktør arbeidd med plandokumentet saman med leiargruppa.

Styret vedtok den nye strategiplanen 12.desember (Sak 46/2017).

1.3. Om Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart skipa i 2009 som eit resultat av den nasjonale museumsreforma. Reforma skulle gje sterkare fagleg samarbeid og betre og meir rasjonell museumsdrift. Den gongen var det De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum med underavdelinga Norsk Reiselivsmuseum, samt Sunnfjord Museum, Nordfjord Folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane kunstmuseum som blei konsolidert inn i stiftinga. I 2013 har Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad kome med. Samlinga til Musea i Sogn og Fjordane består av over 122.000 gjenstandar, mellom anna 145 båtar og 174 kulturhistoriske bygg med ei samla grunnflate på om lag 14.000 kvadratmeter.

1.3.1. De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum

De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum på Kaupanger i Sogndal kommune er eitt av landets eldste og største kulturhistoriske museum. Museet eig 53 kulturhistoriske bygg som spenner seg frå mellomalderens årestove til ferdighuset Stella frå 1980-talet. Dei fleste husa er plassert i eit levande kulturlandskap, der ein også har tradisjonell gardsdrift med dyr i sommarsesongen. I hovudbygningen finn ein faste utstillingar om jordbruk og matproduksjon, husflid, handverk og bondekunst, klede og tekstilar, helg og høgtid gjennom året og livet, tru og overtru, barndom, krambu og strandstad.

Sogn Fjordmuseum som ligg i ved Sognefjorden –Norges lengste og djupaste fjord, er ein avdeling av De Heibergske Samlinger-Sogn Folkemuseum. Fjorden var ein føresetnad for levemåten og busetnaden i Sogn i eldre tider, og på museet kan ein lære om fjorden som matfat og ferdselsåre. Museet inneheldt også ein eineståande samling av båtar frå Sogn. Dessutan finn ein her ein rekonstruert båtbyggjarverkstad, tradisjonelle fiskereiskapar og anna utstyr knytt til den gamle fjordkulturen.

1.3.2. Norsk Reiselivsmuseum

Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand fortel historia om framveksten av norsk reiseliv frå 1800-talet fram til i dag ved hjelp av digital utstillingsteknologi. Museet ligg vegg i vegg med Kviknes Hotell. Museet opna dørene våren 2016. Det spektakulære museumsbygget er skore ut i grunnfjellet, noko som gjer det til ein attraksjon i seg sjølv og tilfører dei spesielle utstillingslokala estetiske kvalitetar. Ved å blande nytt med gammalt fortel museet reiselivshistoria frå 1800-talet fram til i dag ved hjelp av digital teknologi.

1.3.3. Sunnfjord Museum

Sunnfjord Museum i Førde er eit kulturhistorisk museum som forvaltar, forskar på og formidlar ei stor samling med bygningar, gjenstandar, tradisjonsmateriale og foto frå Sunnfjord. Utgangspunktet er eit rekonstruert klyngetun med støl, utmarkshus, urtehage og kulturlandskap, og ein opphaveleg husmannsplass frå slutten av 1700-talet. Bygningane syner eit tidsspenn i byggeskikk frå 1500 til kring 1900. Dette er eit godt bakteppe for å formidle utviklinga mot samfunnet som det er i dag. Formidlinga skjer gjennom skiftande utstillingar i hovudbygningen og ved å tilby publikum omvisingar i friluftsmuseet.

1.3.4. Nordfjord Folkemuseum

Nordfjord Folkemuseum på Sandane tek for seg historia til regionen gjennom 44 antikvariske bygningar, ei jekt, faste og skiftande utstillingar. Bygningane i friluftsmuseet er frå 1600-, 1700- og 1800-talet og inneheld stover og stabbur, eldhus, låver og fjøs, stall og støy, hunde- og hønsehus, samt ei skulestove og eit fargereri. Museet har fokus på vasskraft, og har fungerande kvernhus, stampe, sag og hjulhus knytt saman av dammar og renner. Ved fjorden like utanfor Sandane sentrum er Holvikejekta stilt ut. Den 20 meter lange båten er den einaste av dei store opne fraktefartya som er bevart i original stand.

1.3.5. Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Kystmuseet i Sogn og Fjordane i Florø vart stifta i 1980, og vart grunna på tanken om økomuseum med bygningar i sitt opphavelege miljø. Såleis har museet anlegg i seks av dei 8 kystkommunane i Sogn og Fjordane, og to flytande fartøy. Museet har 26 antikvariske bygningar og 5 driftsbygg. Den totale grunnflata er på om lag 5700 m². Museet har om lag 18 000 registrerte kulturhistoriske gjenstandar og over 11 500 registrerte fotografi. Tematisk vektlegg Kystmuseet kystnæringar som fiske og sjøfart i kombinasjon med jordbruk, kystøkologi og lyngheia som kystens kulturlandskap. Ved hovudanlegget i Florø kan ein sjå utstillingar som formidlar natur- og kulturhistorie frå kysten av Sogn og Fjordane - frå steinalder til oljealder. Her finn vi ein av dei største båtsamlingane i Noreg, med i alt meir enn 95 båtar, og den autentiske Bakkejekta, som er den eldste jekta som finnast att i Noreg, er truleg den eldste båt i landet utanom vikingskipa. Den lokale tradisjonen seier den er bygd kring 1730 - 1750. Kystmuseet har også ansvaret for Vågsberget i Vågsøy kommune. Dette er ein av dei best bevarte handels- og gjestegjevarstadar langs kysten, med sju bygningar, tun og parkanlegg. Bygningane på staden er frå kring 1800, men handelsstaden har røter tilbake til 1600 talet. I dag er det blant dei mest komplette og ivaretekne handels- og gjestegjevarstadane i Noreg, og bygg og området vart freda etter kulturminnelova 2013.

1.3.6. Norsk Kvernsteinsenter

Norsk Kvernsteinsenter i Hyllestad forvaltar, forskar på og formidlar det historiske steinbrotslandskapet i Hyllestad som måler totalt ca. 10 km². Det er det største steinbrotslandskapet frå vikingtid og mellomalder i Nord-Europa, automatisk freda og på UNESCOs tentative verdsarvliste. Hovudformidlingsarena er Kvernsteinsparken som består av eit tun med fleire grindbygningar som kommunen eig, og eit landskap med stiar gjennom steinbrota. Publikum får omvising og kan delta i ulike handverksaktivitetar. I tillegg til kvernsteinshistoria forskar og formidlar Kvernsteinsenteret om historisk bruk av stein generelt.

1.3.7. Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Sogn og Fjordane Kunstmuseum er lokalisert i Førde sentrum i eit bygg med særprega arkitektur. Kunstmuseet syner basisutstillingar frå samlingane, og skiftande utstillingar med samtidskunst. Samlinga er på over 1000 verk, og syner regional og nasjonal biletkunst og kunsthandverk frå 1900-talet fram til i dag, med hovudvekt på tida etter 1970. Sogn og Fjordane kunstmuseum er eit konsolidert kunstmuseum med ansvar for Sogn Kunstsenter i Lærdal, Astruptunet og Eikaasgalleriet i Jølster, Anders Svor Museum i Hornindal og kunstnarsenterfunksjonane etter Sogn og Fjordane Kunstnarsenter.

Ved Sogn Kunstsenter er det utstilling av kunstverk av Hans Gjesme. Sogn Kunstsenter er samlokalisert med Norsk Villakssenter i Lærdal Kulturhus på Lærdalsøyri. Her finn ein samlinga til målaren Hans Gjesme. Målaren Hans Gjesme (1904-1994) er fødd og oppvaksen i Lærdal. Gjesme tok allereie som sekstenåring til i lære hos Pola Gauguin i Kristiania. Seinare var han nokre månader i Paris, mellom anna som elev hjå André Lhote. Gjesme arbeidde i ein naturalistisk stil, med landskap og folk i Lærdal som hovudmotiv. Han budde det meste av livet sitt i Lærdal og har donert over 1500 verk til Lærdal kommune.

Astruptunet er heimen til målaren, teiknaren og grafikaren Nikolai Astrup, tunet ligg idyllisk til på sørsida av Jølstravatnet. Nikolai Astrup (1880-1928) er ein av Noregs mest kjende nasjonale kunstnarar. Hagen på Astruptunet var ei viktig inspirasjonskjelde for kunsten til Astrup. Astrup eksperimenterte med tresnitt, og vart slik ein nyskapar innan den grafiske teknikken. Han varierte oppdraga fritt og utradisjonelt, dels ved å arbeide i plate undervegs eller ved å handkolerere trykka etter at det var ferdig trykt. Etter studiane flytta han heim for å skildre folket og naturen i Jølster. Astruptunet er ikkje berre ein kunstnarheim, men ein viktig del av kunstnaren sitt livsverk. Museet forvaltar ei unik samling av Astrups trykkplater i lag med om lag 260 andre verk etter kunstnaren.

Eikaasgalleriet er eit moderne kunstgalleri som ligg på Ålhus i Jølster, rett ved E39. Ludvig Eikaas (1920-2010) var ein av pionerane innan det abstrakte kunstuttrykket i Noreg, og kunsten hans er representert på museum i inn- og utland. Grafikaren, målaren, teiknaren, skulptøren og kunstprofessoren, er kanskje mest kjend for sine særegne portrett og sjølvportrett, ofte med overraskande og humoristiske vendingar. Ludvig Eikaas var ein utprøvande og ofte spontan kunstnar, som aldri slo seg til ro med ein teknikk og eitt bestemt uttrykk. Han var mellom anna den første som tok i bruk hardplast i skulptur. Han er representert i 10 norske kunst- museum, i tillegg til København, New York, Paris og i Firenze. Eikaassamlinga omfattar no over 850 verk i ulike teknikkar.

Anders Svor Museum ligg i Hornindal. Her finn ein kjende verk av bilethoggaren Anders Svor (1864-1929) som var født i Hornindal. Anders Svor sin kunst er kjenneteikna av det

enkle, reine og rotekke. Han arbeidde i ein naturalistisk og nyromantisk stil. I 1891 fekk han sitt kunstnarlege gjennombrot då han vann gullmedalje for skulpturen «David» på den internasjonale kunstutstillinga i Berlin. Han deltok på utstillingar i Kristiania, København, Brighton, Chicago, og verdsutstillingane i Paris og Rio de Janeiro. Etter opphald i København og Paris slo han seg ned i Kristiania og budde og arbeidde der fram til sin død. Kunstnaren hadde mange offentlege oppdrag og ein finn fleire av dei i Oslo sitt bybilete. Anders Svor Museum vart opna 12. juli 1953. Samlinga er på om lag 560 arbeid, inklusive skisser og utkast. Museet forvaltar i dag òg ein skulpturpark rundt bygget.

1.4. Museumsfagleg rammeverk

I Noreg har vi inga museumslov. Men vi har ICOM sitt museumsetiske regelverk. I fråvær av ei museumslov er dette regelverket styrande for museumsdrifta. Regelverket har åtte hovudpunkt:

1. Museer bevarar, fortolkar og fremjer menneska si natur- og kulturarv

Prinsipp:

«Musea har ansvar for den materielle og immaterielle natur- og kulturarven. Styret og dei som har ansvar for langsiktig utvikling av og tilsyn med musea har hovudansvaret for å ta vare på og forvalte denne arven, så vel som dei menneskelege, fysiske og finansielle ressursane som blir stilt til rådvelde for dette føremålet»

2. Musea forvaltar samlingar på samfunnet sine vegner og til beste for samfunnsutviklinga

Prinsipp:

«Musea har plikt til å anskaffe, bevare og utvikle samlingar som bidrag til å sikre samfunnet si naturarv, kulturarv og vitskapelege arv. Desse samlingane utgjer eit viktig felles kulturgode som har ein spesiell juridisk status og internasjonalt rettsvern. I dette samfunnsansvaret ligg forvaltaroppgåver som inkluderer aktsemdsplikt, langsiktig vern, dokumentasjon, tilgjenge og avhending under ansvar.»

3. Musea ivaretek primærkjelder til kunnskapsdanning og fordjuping

Prinsipp:

«Musea har eit særskilt ansvar ovanfor fellesskapet for å sikre, gjere tilgjengeleg og formidle primærmaterialet som er samla inn og oppbevart i museumssamlingane.»

4. Musea gir moglegheiter for å verdsetje, gle seg over, forstå og ta vare på natur- og kulturarven

Prinsipp:

«Musea har plikt til å utvikle sin viktige folkeopplysingsrolle og trekke til seg eit breiare publikum frå lokalsamfunnet, området eller gruppa som dei tener. Ein integrert del av musea si opplysningsoppgåve består i å samhandle med det samfunnet som musea tener og arbeide for å fremje natur- og kulturarven deira.»

5. Museumsressursar gir moglegheiter for andre samfunnsmessige tenester og goder

Prinsipp:

«Musea tek i bruk eit breitt utval spesialitetar, ferdigheiter og fysiske ressursar som har vidare bruksområder enn berre museumsføremål. Dette kan gjere det mogleg for fleire partar å nytte ressursane eller at museet kan tilby ytterlegere tenester som ei tilleggsoppgåve. Dette må organiserast slik at det ikkje går på akkord med museet sitt føremål og primære oppgåver.»

6. Musea samarbeider nært med dei samfunna som samlingane stammer frå og med dei samfunna som dei tener

Prinsipp:

«Museumssamlingar avspeglar kultur- og naturarven i dei samfunna som dei stammar frå. Samlingane innehar dermed eigenskaper som går utover vanlege eignelutar. Dette kan inkludere sterk tilknytning til nasjonal, lokal, etnisk, religiøs eller politisk identitet, og det er derfor viktig at musea sine retningslinjer tek høgde for slike tilknytningar.»

7. Musea arbeider innafor dei rammer lova set

Prinsipp:

«Musea må overhalde alle juridiske forplikningar både i høve til internasjonal, regional, nasjonal og lokal lovgiving og til internasjonale traktatar. I tillegg skal styret etterkome alle juridisk bindande avtaler og pålegg som gjeld forhold ved museet, samlingane og drifta.»

8. Musea arbeider etter faglege og profesjonelle prinsipp

Prinsipp:

«Museumstilsette skal følge allment godtekne standardar og lovar, og oppretthalde museumsfaget sitt truverde, verdigheit og respekt. Dei skal verne publikum mot ulovleg eller uetisk museumsfagleg framferd. Dei skal nytte eitkvart høve til å informere og gjere publikum kjend med faget sitt mål, oppgåver og visjonar for å utvikle eit større allment medvit om musea sine samfunnsoppgåver.»

I tillegg til dette har styresmaktene utarbeidd fleire museumsfaglege dokument som gir retning og rettleiing på korleis museumsdrifta skal innrettast. Dei viktigaste av dei er:

- Stortingsmelding nr 49 (2008-2009) «*Framtidas museum: Forvaltning, forskning, formidling, fornying*»
- Stortingsmelding nr 23 (2011-2012) «*Visuell kunst*»
- Stortingsmelding nr 24 (2008-2009) «*Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv*»
- «*Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av kulturarven*» (Dokument 3:4 (2016-2017))
- Stortingsmelding nr 10 (2011-2012) «*Kultur, inkludering og deltaking*»

Vi har elles merka oss at det er venta ei ny kulturmelding i 2019.

Stortingsmelding nr 49 (2008-2009) «Framtidas museum: Forvaltning, forskning, formidling, fornying»

Status og framtidige utfordringar for musea bli spesifikt omhandla av i Stortingsmelding 49. Der legg ein vekt på å utvikle innhald og aktivitetar i musea, og har som målsetting å stimulere til solid fagleg innsats ved samordning, nytenking og kompetanseheving. Satsingsfeltet skal vere bygnings- og arenavutvikling, digitalisering, samlingsutvikling og forskning, samlingsforvaltning, formidling og kommunikasjon - i tillegg til utvikling av musea som organisasjonar. I denne stortingsmeldinga er det òg sett tydelege mål for vidare utvikling av museumssektoren. Musea sine hovudmål skal vere:

- Forvaltning:
 - Musea sine samlingar skal sikrast og takast best mogeleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege for publikum og for forskning
 - Viktige delmål vil vere gode tilhøve for sikring og bevaring, og fokus på prioritering og koordinering av samlingane
- Forsking:
 - Forsking og kunnskapsutvikling ved musea er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling
 - Eit delmål vil vere auka forskingssamarbeid, både i museumsnettverket og mellom musea og forskingsmiljø i kunnskapssektoren
- Formidling:
 - Musea skal nå publikum med kunnskap og opplevingar og vere tilgjengelege for alle
 - Det føreset målretta tilrettelegging for ulike grupper og aktuell formidling som fremjar kritisk refleksjon og skapande innsikt
- Fornyning:
 - Gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering skal musea vere oppdaterte og aktuelle i alle delar av verksemda, vere solide institusjonar og spele ei aktiv samfunnsrolle
 - Eit delmål vil vere å utvikle digital forvaltning og formidling

Stortingsmelding nr 23 (2011-2012) «Visuell kunst»

Den visuelle kunsten sin plass i musea er særleg drøfta i Stortingsmelding 23 (2011-2012). Av særskilt relevante tema peikar denne meldinga på:

- Formidling og målgrupper:
 - Det overordna målet for kulturpolitikken er å legge til rette for at alle som ønskjer det, skal ha tilgang til eit mangfald av kulturopplevingar
 - Skapande kunst bidreg til fornying og utvikling av samfunnet og enkeltmenneske
 - Tilgangen på kunstopplevingar og mogelegheita til å uttrykke seg gjennom kunsten skal ikkje vere avhengig av geografi og sosiale skiljer
- Kunnskap, kritikk og forskning:
 - Kunstkritikken spelar ei viktig rolle for korleis den visuelle kunsten blir synleg i offentlegheita og er eit viktig bindeledd mellom kunsten og publikum
 - Det er behov for å styrke utvikling av forskingsbasert kunnskap på det visuelle kunstfeltet
- Ny teknologi:
 - Utviklinga i digitale media verkar inn på det visuelle kunstfeltet innanfor kunstproduksjon, formidling, forskning og forvaltning
 - Dei nye kommunikasjonsverktøya skapar arenaer for brei, folkeleg deltaking

- Brukarane sitt behov er eit sentralt perspektiv i styresmaktene sin politikk for den digitale IKT-utviklinga
- Ved at institusjonane legg til rette for innhald på internett, kan publikum sjølv ta i bruk kulturtilbodet etter eige ønske

Stortingsmelding nr 24 (2008-2009) «Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv»

Digitalisering av samlingane har også blitt løfta fram i «Digitaliseringsmeldinga» (Stortingsmelding nr 24 (2008-2009)). Her står det mellom anna:

«Visjonen for regjeringa sin IKT-politikk på kulturfeltet er å gjere mest mogeleg av samlingane i våre arkiv, bibliotek og museer tilgjengeleg for flest mogeleg gjennom framtidretta bruka av IKT-teknologiske løysingar.

Samlingane i musea utgjer ein vesentleg ressurs for forskning, undervisning og kultur- og samfunnsutvikling. Kultur- og kunnskapkjeldene i musea gir både forankring og mogelegheiter til denne samfunnsutviklinga ved at dei representerer vår historie, kultur og identitet som utgangspunkt for kontinuereig fortolking og forståing. Det er derfor av vesentleg betydning for vår felles forming av det norske samfunnet at vi sikrar kjeldene og gir befolkninga demokratisk tilgang til dei.

Bruk av digital teknologi som eit målretta instrument for å gjere kulturarvmateriale lettare og betre tilgjengeleg for landets innbyggjarar, vil kunne gi ytterlegere substans til målet om at alle innbyggjarar skal kunne ha lett tilgang til relevant og naudsynt informasjon i ein kvar samanheng. Kulturarvmateriale kan bidra til å forstå mange sider ved samfunnsutviklinga. Det kan gi kontekstuell djupne til vår sjølvforståing, det kan gi kunnskap om og innsikt i forskjellar og likskapar, makt og avmakt, sentrum og periferi, anten dei er relatert til geografiske, sosiale, religiøse eller etniske dimensjonar.»

«Riksrevisjonens undersøkelse av digitalisering av kulturarven» (Dokument 3:4 (2016-2017))

I 2017 publiserte Riksrevisjonen ein statusrapport for digitaliseringsarbeidet ved musea i Noreg. Denne rapporten må òg lesast i lys av det enorme taktskiftet knytt til digitalisering i samfunnet elles. Hovudfunna er følgjande:

- Ein stor del av kulturarven er framleis ikkje digitalisert
- I museumssektoren er mykje av det digitaliserte materialet ikkje tilgjengeleg for publikum
- Departementet har i liten grad følgd opp digitaliseringsarbeidet
- Arkivverket og store delar av museumssektoren har ikkje prioritert digitaliseringsarbeidet slik det er føreset
- Handteringa av digitalt skapte arkiv er ikkje tilfredsstillande
- Det er ikkje etablert felles løysing for langtidslagring

Stortingsmelding nr 10 (2011-2012) «Kultur, inkludering og deltaking»

Stortingsmelding nr 10 (2011-2012) «Kultur, inkludering og deltaking» har følgjande visjon og mål:

«Ein inkluderande kultursektor er ein sektor der alle har like mogelegheiter til deltaking og til å utvikle sine skapande ressursar, uavhengig av faktorar som sosioøkonomisk-, kulturell- eller religiøs bakgrunn eller funksjonsevne.»

Denne meldinga har definert fire satsingsområder:

1. Inkludering og nye stemmer i kultursektoren
 - Kulturinstitusjonar, det frie kunstfeltet og frivillige kunst- og kulturorganisasjonar har stort potensial i å tilby møtestader og fellesskapsarenaer som kan bidra til inkludering
 - I kraft av sine roller, sine kjerneoppgåver og sin kapasitet skal kulturinstitusjonar vere sentrale drivkrefter på sine område
 - Inkluderingsarbeid skal vere ein integrert og synleg del av strategi- og programarbeid, personalpolitikk og publikumsarbeid i alle kulturverksemder som får statleg støtte
 - Institusjonane lyt orientere seg i samtida og samfunnet, kjenne faktiske og potensielle målgrupper og vurdere korleis dei kan nå fleire
 - Det leggst til grunn at oppgåvene i hovudsak skal løysast innafør verksemdene sine ordinære budsjetttrammer
 - Kulturdepartementet vil i styringsdialogen med tilskotsmottakarar og underliggjande verksemder legge stor vekt på systematisk oppfølging av institusjonane sitt arbeid med inkludering og mangfald
2. Sikre tilgang ved å bygge ned fysiske og økonomiske barrierar
 - Styresmaktene har ein visjon om at samfunnet skal vere universelt utforma innan 2025
 - Å legge meir universell utforming til grunn for samfunnsutviklinga gir betre og meir likestilte omgjevnader for personar med nedsett funksjonsevne
 - Det må arbeidast systematisk med universell utforming og tilrettelegging av kulturtilbod for å minimere barrierar for kultur
3. Oppsøkjande kulturformidling og formidlingsordningar
 - Gjennom justering av eksisterande, og ved å etablere nye formidlingsordningar vil styresmaktene legge til rette for at kulturtilbodet i større grad når fleire ved å treffe publikum utanfor institusjonane, som til dømes i distrikta og på arenaer der folk ferdast dagleg
 - Det skal arbeidast for å utnytte dei moglegeheitene for spreing og formidling av kulturuttrykk som digital teknologi gir
4. Inkludering gjennom samarbeid med og deltaking i frivillig kultursektor
 - Styresmaktene støttar aktivt opp om frivillig sektor og utviklinga av eit levande sivilsamfunn gjennom eit nært samarbeid med frivillige organisasjonar, og ved å støtte og leggje til rette for frivillig engasjement
 - Det skal leggst vekt på ei styrking av rammevilkåra for frivillig sektor, som kjem frivillig sektor til gode
 - Det vil bli lagt til rette for auka samarbeid og kulturell brubygging mellom profesjonelle kunst- og kulturinstitusjonar og frivillig sektor
 - Det skal rettast auka merksemd mot deltaking og representasjon frå grupper som fell utanfor det tradisjonelle organisasjonssystemet, og mot betydninga av møteplassar og brubyggjarar for inkludering og integrering i frivillig kultursektor

1.5. Strategisk rammeverk

Strategiplanen for Musea i Sogn og Fjordane og det påfølgande planarbeidet er tenkt gjennomført slik:

- Vedtak av Strategiplan 2018-2021 hausten 2017

- Årleg revisjon av strategiplanen, første gong hausten 2018
- Årleg samla tiltaksplan for det konsoliderte museet som heilskap, første gong hausten 2018
- Årleg tiltaksplan på avdelingsnivå, første gong hausten 2018

Strategiplanen 2018-2021 med tilhøyrande tiltaksplanar skal altså reviderast årleg. Konsekvensane av tiltaksplanane må takast omsyn i dei årvisse budsjetta. Ny hovudgjennomgang av strategiplanen skal skje hausten 2021.

1.5.1. Definisjonar

Ein strategiplan er det viktigaste styringsdokumentet for Musea i Sogn og Fjordane. For å lukkast i framtida er det avgjerande at det konsoliderte museet klarar å legge ein langsiktig plan for korleis ein kan jobbe systematisk og strukturert med å nå dei målsettingane som er innarbeidd i strategiplanen.

Strategien kan i utgagnspunktet strukturast i fire element: visjon, misjon, strategiske mål og kritiske suksessfaktorar. I tillegg kjem tiltak knytt til dei strategiske måla.

1.5.1.1. Visjon

Ein god visjon skal både vere dynamisk og legge til rette for at vi kan strekke oss mot den idéelle tilstanden vi ønskjer å nå. Det betyr at visjonen òg bør synleggjere rørsle i ei retning.

1.5.1.2. Misjon

Verksemda si misjon skal omtale kva oppgåver vi har eit særskilt ansvar for å løyse og korleis vi ønskjer å gjere det. Misjonen er det same som musea sitt samfunnsoppdrag. I det følgjande vil vi nytte omgrepet «samfunnsoppdrag».

1.5.1.3. Verdiar

Verdiane våre er dei orda som vi meiner fortel mest om oss, korleis vi ønskjer å behandle andre, korleis vi ønskjer at andre skal behandle oss, og korleis vi ønsker å opptre for å nå måla våre. Verdiane er arbeidsideala våre.

1.5.1.4. Kritiske suksessfaktorar

For at ein strategiplan skal bli eit godt og levande styringsdokument er det viktig at det er identifisert faktorar som ein bør etterleve. Desse kallast for kritiske suksessfaktorar.

1.5.1.5. Strategiske mål

Gode strategiske mål bidreg til at vi som organisasjon og som enkeltindivid får ei tydeleg retning og framdrift i arbeidet vårt. Dette sikrar fokus på dei oppgåvene våre og stimulerer til samhandling.

Men ein god strategi er ikkje god dersom vi ikkje dokumenterer og evaluerer måloppnåinga vår og justerer kursen undervegs når vi avdekkjer avvik i høve til måla. Det inneber at vi må utvikle konkrete mål som fangar opp kva som er vesentleg for å sikre sunn og god styring og gode avgjerder, som på same tid legg til rette for at vi kan utvikle ein god og heilskapstenkande organisasjon. I utviklinga av gode mål er det avgjerande at dei er SMARTE:

- Spesifikke
- Målbare

- Aksepterte
- Realistiske
- Tidsbestemte
- Enkle

Ved å legge desse prinsippa til grunn kan vi fange opp essensen i det vi ønskjer å nå og det vi skal styre etter.

Dei strategiske måla må delast opp i hovudmål og delmål. Hovudmåla syner dei overordna målsetjingane som skal ha eit særskilt fokus i planperioden, medan delmåla støttar opp under kva fokus vi skal ha for å nå hovudmåla.

Dei underordna delmåla er organisert i avgrensa områder. Desse har to funksjonar; på den eine sida skal dei skal operasjonalisere oppgåver og fokus som bidreg til at vi når dei strategiske hovudmåla våre, på den andre sida skal dei sikre løpande oversikt over tilstanden på organisatoriske delområder i høve til den retninga vi styrer etter. Dermed blir rapporteringa på delmåla ein viktig del av beslutningsgrunnlaget for styre og leiing når avgjerder om planar og tiltak skal treffast.

Det er viktig å presisere at delmåla ikkje må forståast som element i eit omfattande kontrollsystem; delmåla og rapportering på måloppnåing skal tvert om vere indikatorar på korleis tilstanden i organisasjonen er som heilskap. Rapporterte målavvik kan såleis gi styret og leiinga informasjon om korleis ressursinnsatsen i organisasjonen skal aukast eller reduserast for det aktuelle delmålet framover.

1.6. Styringsmodell

1.6.1. Kompleksitet krev rammestyring og raud tråd

Å utvikle og styre eit konsolidert museum er ei svært krevjande og kompleks oppgåve. Eit konsolidert museum er ein kunnskapsorganisasjon med eit samansett samfunnsoppdrag, der samlingane er omfattande, vedlikehaldsbehovet stort og dei økonomiske ressursane knappe. Handlerrommet vårt er avgrensa av økonomiske ressursar, omgjevnadene sine forventningar, tilgjengeleg kompetanse, intern samhandling og geografi.

For å klare å leie og utvikle ein slik organisasjon må ein styre etter overordna rammer - den «raude tråden» - samstundes som ein delegerer ansvar og gir fleksibilitet til gode lokale løysingar.

Dette krev oversikt, tydeleg strategisk retning og god verksemdstyring. Kunsten blir å ha ein styringsmodell som sikrar ei fokusert og god museumsdrift med utgangspunkt i balanse mellom samfunnsoppdraget vårt på den eine sida og ressursane og den interne samhandlinga i det konsoliderte museet på den andre.

1.6.2. Samfunnsoppdraget: Dei fire F-ane

Musea i Sogn og Fjordane sin misjon er samanfallande med det samfunnsoppdraget som departementet har definert som sine mål for utvikling av museumssektoren og kan oppsummerast i dei fire F-ane fornying, formidling, forvaltning og forskning.

Desse fire F-ane må sjåast i ein heilskapleg samanheng. Det er derfor viktig å utvikle mål og tiltak som femner om meir enn eit av områda isolert.

1.6.3. Verksemdstyring: Fire perspektiv

Som ein tilleggsdimensjon i høve til det overordna samfunnsoppdraget er det altså avgjerande at drifta av eit konsolidert museum er balansert i høve til dei faktiske rammevilkåra våre. Samstundes treng vi mål som gir retning for korleis vi skal styre drifta. Til dette vil vi nytte dei fire perspektiva finans, besøkande/omgjevnader, interne prosessar og læring. Desse perspektiva er henta frå eit tradisjonelt målstyringsrammeverk og bidreg til å ramme inn dei fire F-ane og sikrar utvikling av de konsoliderte museet som ei heilskapleg eining.

1.6.3.1. Finansielt perspektiv

Det finansielle perspektivet viser nøkkeltal som fangar opp vesentlege dimensjonar innafor lønsemd, inntening, økonomisk soliditet og finansielt handlerom.

1.6.3.2. Besøkande og omgjevnadsperspektivet

Dette perspektivet fangar opp korleis nøgde besøkande til dømes kan gi fleire kjøp og fleire anbefalingar slik at vi får eit betre inntektsgrunnlag. Å telje berre eit besøk gir oss svært lite informasjon om kvaliteten på det musea tilbyr dei besøkande, utover at vi veit at musea er besøkt og at nokre er meir besøkt enn andre. Dersom vi i tillegg også undersøker kva dei besøkande er nøgde eller mindre nøgde med kan vi lettare kome i dialog med dei om korleis vi kan bli betre som museum. Vi kan til dømes oppmuntre dei til å komme med framlegg til forbetringar. Eit museum som er nysgjerrige på korleis dei besøkande opplever museumsbesøket får fleire lojale ambassadørar.

1.6.3.3. Internprosessperspektivet


Internprosessperspektivet viser korleis gode prosessar, effektiv ressursbruk og riktig dimensjonering av støttefunksjonar kan bidra til både å betre kvalitet i det vi tilbyr og også at vi har fornuftig ressursbruk. I eit museum der storparten av inntektene er offentlege tilskot er det rimeleg at det blir stilt krav frå tilskotsgjevar og at vi derfor må dokumentere god intern kontroll og resultat av god ressursutnytting.

1.6.3.4. Læringsperspektivet

Læringsperspektivet fokuserer på korleis vi kan utvikle organisasjonen gjennom kunnskapsdeling på tvers i organisasjonen og gjennom forbettringsprosessar. Korleis vi definerer riktig kompetansebehov og systematisk utviklar vår attraktivitet som arbeidsgjevar er også viktig.

1.6.4. Balansert verksemdstyring: Fire F-ar og fire perspektiv

Styringsmodellen for musea kan dermed illustrerast slik:



2. STRATEGIPLAN FOR MUSEA I SOGN OG FJORDANE

I dette kapittelet blir konkrete framlegg sin visjon, verdiar, samfunnsoppdrag strategiske hovudmål og tilhøyrande delmål, samt kritiske suksessfaktorar, fremja. Desse skal gjelde for perioden 2018-2021.

2.1. Visjon

«Musea i Sogn og Fjordane skal vere ein relevant og aktiv samfunnsaktør innan kunst og kulturarv»

Musea i Sogn og Fjordane er forvaltar av ein stor kulturarv og har ein betydeleg kunnskapsbase som kan bidra til at samfunnet gjer kloke val om framtida. Samstundes har musea makt til å definere korleis kunst- og kulturhistoria skal forståast og tolkast – både forlengs og baklengs. Her ligg det eit stort potensiale og eit stort ansvar for oss som konsolidert museum. Gjennom å ta ei positiv og aktiv rolle med utgangspunkt i samfunnsoppdraget vårt vil musea vere ein viktig og relevant premissleverandør i samfunnet vi lever i.

2.2. Verdier

Inkluderande:

Vi skal vere eit museum for alle, uavhengig av bakgrunn. Vi må ha ein medvit om i kva grad det vi gjer bidreg til at folk - både tilsette og publikum - føler seg heime ved musea, eller tvert om. Vi skal tåle å bli kritisert, og ta det som ei rettleiing for vegen vidare.

Nysgjerrig:

Ein viktig verdi er å synleggjere at vi ikkje alltid *veit*, men er svoltne på å finne ut. Dette gjeld både kunnskapen vi forvaltar – ved alltid å stille nye spørsmål - og dei menneska vi møter («kven er du?»). Ein slik nyfiken tilnærming gir også ny dynamikk – både hjå oss i musea og hjå dei vi kommuniserer med.

Nærværande:

Vi skal ta del i dei lokalsamfunna/omgjevnadane vi har, og sjå dei einskilde personane. Og vi skal, som organisasjon, være til stades for kvarandre. Men vi skal òg ta del i dei større debattane som skjer i vår tid, innanfor vårt fagfelt og i den offentlege samtalen.

Forankra:

Vi må heile tida utfordre oss sjølve på å sjå framover og finne nye løysningar. Då er det viktig at vi er medvitne om at vi er forvaltarar av kunnskap om tradisjonar, der kunnskapen om kva som konstituerer ei gruppe og eit samfunn er den fremste.

2.3. Samfunnsoppdrag

2.3.1. Forvaltning

Musea i Sogn og Fjordane sine samlingar skal sikrast og takast best mogeleg vare på for ettertida og gjerast tilgjengelege for publikum og for forskning.

2.3.2. Forsking

Forsking og kunnskapsutvikling ved Musea i Sogn og Fjordane er eit naudsynt fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling.

2.3.3. Formidling

Musea i Sogn og Fjordane skal nå publikum med kunnskap og opplevingar og vere tilgjengelige for alle.

2.3.4. Fornyning

Gjennom fagleg utvikling, nytenking og profesjonalisering skal Musea i Sogn og Fjordane vere oppdaterte og aktuelle i alle delar av verksemda, vere solide institusjonar og spele ei aktiv samfunnsrolle.

2.4. Kritiske suksessfaktorar

- Tydeleg strategisk retning
- Eit synleg og offensivt konsolidert museum
- Klare prioriteringar
- Konsekvent etterleving av dei strategiske målsettingane
- Tydelege grenser mot omgjevnadane

- Klar forståing av roller og ansvar på alle nivå i organisasjonen – frå styret og ned til den enkelte avdeling
- Klar forståing hos leiargruppa at den har ansvaret for heilskapen til det konsoliderte museet
- Klar forståing i organisasjonen om at den einskilde tilsette skal ivareta omsynet for heilskapen til det konsoliderte museet i sitt daglege virke
- Klar forståing i organisasjonen for kva det inneber å vere ei stifting
- Klar forståing i organisasjonen for kva diskusjonar som skal skje på utsida og innsida av det konsoliderte museet

2.5. Strategiske mål

2.5.1. Hovudmål

1. Musea i Sogn og Fjordane skal igjennom sitt faglege mangfald og heilskapelege museumspraksis framstå som attraktive og meiningsfylte for publikum
2. Musea i Sogn og Fjordane skal ha ein hensiktsmessig og brukarvennleg løysing for digitalisering og digital samlingsforvaltning som gir god oversikt og tilgang til samlingane våre
3. Musea i Sogn og Fjordane skal innrette forskinga slik at vi kan vise fram musea sin unike posisjon som kunnskapsprodusent
4. Musea i Sogn og Fjordane skal arbeide for godt omdøme nasjonalt
5. Det interne fokuset i organisasjonen skal vere på heilskapen i det konsoliderte museet, og det skal ha sitt grunnlag i god samhandling, kunnskapsdeling på tvers og sunn økonomi

2.5.2. Delmål

2.5.2.1. Delmål Fornyning

- Vi skal gjennomføre minst eitt fornyingsprosjekt i løpet av planperioden innanfor kjerneoppgåvene våre som får nasjonal merksemd

2.5.2.2 Delmål Forvaltning

- Vi skal ha full oversikt (100%) over kvar gjenstandane er lokalisert, med anslag om tilstand og bevaringstilhøve
- 80% av samlingane skal vere minimumsregistrert (prosent av totalt tal på gjenstandar ved strategiperioden sitt utløp, frårekna avhenda og kasserte gjenstandar)
- 60% av gjenstandane skal oppbevarast under tilfredsstillande forhold

2.5.2.3. Delmål Formidling

- Formidlinga skal starte før og avsluttast seinare enn sjølve besøket, og vi skal vere til stades med vår kunnskap på fleire flater
- Vi skal ha eit formidlingsprosjekt som oppnår regionalt merksemd minst ein gong kvart år

2.5.2.4. Delmål Forsking

- Alle vitksapeleg tilsette skal ha minst ein fagfelleverdert artikkel kvart år
- Alle vitksapeleg tilsette skal halde fagleg innlegg på minst ein relevant konferanse/seminar kvart år

2.5.2.5. Delmål Finans

- Minst 30% fri egenkapital i prosent av totalkapitalen
- Minst 2% årleg overskot i høve til samla inntekter
- Maksimalt 50% personalkostnader av samla driftskostnader

2.5.2.6. Delmål Besøkande og omgjevnader

- 5% årleg vekst i museumsbesøk
- 90% nøgde besøkande på musea
- 20 nye utstillingar årleg
- 100 eigengenererte mediaoppslag årleg (artiklar, reportasjar, lesarinnlegg, etc)
- 90% nøgde respondentar på årleg omdømmemåling

2.5.2.7. Delmål Interne prosessar

- <3% i gjennomsnittleg årleg sjukefråvêr
- 80% digitalisering av samlingane (grunnlaget avgrensast av det som blir definert som relevant museumsinnhald)
- >4 i gjennomsnittlig score på AMU-undersøkinga knytt til fagleg samarbeid på tvers i organisasjonen

2.5.2.8. Delmål Læring

- Alle konservatorar skal ha autorisasjon
- Alle handverkarar skal har relevant fagbrev